



Førde, 16. april 2001

Hei padlevener

Våren er her og tida for turar nærmar seg fort. Difor dette brevet. For vi har fått svært få (nesten ingen) tilbakemeldingar i høve til spørsmåla eg stilte i siste utsending .

Det gjaldt tilbakemeldingar om det er aktuelt for deg å vere med på trening eller turar. Som kjent så har SKK lagt seg på ei ansvarsfull line i høve til tryggleiken ved padling, så alle må altså igjennom dette, enten ved kurs eller ved å vise at du har tinga inne (etter å ha vurdert deg sjølv i høve til sjekklistene).

For å kunne organisere dette reint praktisk, så må vi vite kor mange som ynskjer å bli med. Sånn er det berre. No går toget folkens.

Dersom du ynskjer å vere med, men det ikkje passar for deg no, så gi tilbakemelding om det og. Det kan bli aktuelt å få til noko i sommar, men dette blir ikkje spontant. Vi ynskjer å planlegge no.

Som nemnt i info'en så er det mogeleg å ta påbyggingskurset oppdelt. Dvs teori ein vekedagskveld, praktisk del ein laurdag, og turdelen i løpet av første Solund-turen eller Nærøyfjord-turen.

Det hadde og vore kjekt å visst om dåke har tenkt å vere med på nokon av turane våre. Særleg for Bulandsturen er dette aktuelt, for der har vi med tanke på familiar, bestilt både Bualoftet og Gamlestaua.

Så altså:

1. Ynskjer du å vere med?
2. Ynskjer du grunnkurs, eventuelt å bli "testa" på dette nivået?
3. Ynskjer du påbyggingskurset, eventuelt å bli "testa" på dette nivået?
4. Ynskjer du påbyggingskurset som helgakurs eller oppdelt?
5. Ikkje like viktig, men har du tenkt å bli med på overnattingstur? (Kven?)

Tilbakemelding kan gjerast på ulikt vis, det er opp til deg.....

- Telefon: 57 72 01 41 / 99 20 50 90
- Faks: 57 72 03 43
- SMS: 99 20 50 90
- E-post: skk@leikemiljo.no
- Personleg oppmøte i Angedalsvegen (eventuelt inkl. kaffi)

Så ei sak til. Som du ser, har vi drista oss til å laga eit forslag til logo. Det er årsmøtet som formelt må godkjenne logoen som SKK sitt merke, men det er lenge til. Så no har du sjansen til å uttale deg. Synest du den kan brukast, har du innvendingar, forslag til endring, forslag til noko heilt anna ??????????

Viss tilbakemeldingane er positive eller nøytrale (intet nytt er godt nytt ?), så tar vi den i bruk som den er.

Litt å gjere folkens, men det må gå.....

Helsing leiaren

PS. Det kan vere at nokon eg har sendt dette til, allereie har gitt meg munnleg signal på ynskja, men for å vere sikker, ver snill å gi beskjed no og.